



Mai 2021

KUNNSKAPSGRUNNLAG FRIVILLIG SEKTOR I VESTLAND

Framsidedfoto: Draumekvila,
Fotograf: Stig Roger Eide

INNHALD

1 INNLEIING	4
1.1 Mandat for arbeidet	4
1.2 Avgrensingar og definisjonar	4
1.3 Vestland fylke – demografiske endringar og livsvilkår	5
2 SAMANDRAG: MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR I FRIVILLIG SEKTOR FRAMOVER	6
3 FRIVILLIG SEKTOR I VESTLAND	7
3.1 Frivillige organisasjonar	7
3.1.1 Barne- og ungdomsorganisasjonar	8
3.1.2 Frivillige kulturorganisasjonar	9
3.1.3 Idretts- og friluftorganisasjonar	9
3.1.4 Mangfaldsorganisasjonar	9
3.1.5 Andre viktige sivilsamfunnsorganisasjonar	10
3.2 Frivillig deltaking og folkehelse	11
3.3 Spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland	11
3.4 Frivillig innsats utan medlemskapstilknytning	12
3.5 Arenaer for frivillig arbeid	13
3.6 Samhandling med andre sektorar	14
4 MÅL OG PLANAR I VESTLAND FYLKESKOMMUNE	16
5 INTERNASJONALE OG NASJONALE MÅL, UNDERSØKINGAR OG FORSKING	17
5.1 FN sine berekraftsmål	17
5.2 Nasjonale rammer og mål for frivillig sektor	18
5.3 Frivilligheita i Norge: Ressursar og forskning	19
5.3.1 Nasjonale paraplyar for frivilligheit	19
5.3.2 Nasjonale tal og undersøkingar	19
5.3.3 Forsking på frivilligheit	20
5.3.4 Frivillig sektor og korona-pandemien	22
6 MEDVERKNAD OG PROSESS	24
7 KJELDER / REFERANSAR	25
8 VEDLEGG	26

1 INNLEIING

Frivilligheita i Vestland er stor og mangfaldig, og fremjar deltaking, engasjement, inkludering, folkehelse, lokalsamfunnsutvikling, velferd og demokrati. Å vere frivillig har ein sterk eigenverdi og frivilligheita skapar store verdiar for samfunnet. Den frivillige sektoren er sjølvstendig og skal setje eigne mål.

Skal vi løfte og fremje frivilligheita i Vestland treng vi kunnskap og handling. Derfor har Vestland fylkeskommune laga dette **kunnskapsgrunnlaget om frivillig sektor i Vestland**. Gjennom kunnskapsgrunnlaget vil vi peike på moglegheiter og utfordringar innan frivillig sektor. Vi vil gje eit bilete av frivillig sektor i Vestland og presentere mål og planar i Vestland, nasjonalt og internasjonalt. Vi vil også vise fram nasjonale statistikkar, forskning og ressursar på feltet.

Mange har kome med bidrag til kunnskapsgrunnlaget. Vestland fylkeskommune takkar alle!

1.1 Mandat for arbeidet

4. juni 2020 gjorde hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune følgjande vedtak, i sak 98/2020:

1. Vestland fylkeskommune startar arbeidet med eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram for vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering våren 2021.
2. Vestland fylkeskommune vil vedta frivilligpolitisk strategi for Vestland i 2021. Den frivilligpolitiske strategien for Vestland skal vere med som ein av strategiane knytt til utviklingsplan for Vestland 2021-2024.
3. Det blir sett ned ei tverrfagleg gruppe til å jobbe med kunnskapsgrunnlaget og til å førebu frivilligpolitisk strategi for Vestland. Grappa blir leia av avdeling for kultur, idrett og inkludering.
4. Vestland fylkeskommune innleier eit samarbeid med Frivillighet Norge knytt til arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune har leia arbeidet med kunnskapsgrunnlaget, og sette i juni 2020 ned ei tverrfagleg gruppe - Frivilliggruppa - med tilsette frå ulike avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. I oktober 2020 vart det etablert ei referansegruppe med representantar frå 24 regionale frivillige organisasjonar, som har bidratt i arbeidet. I tillegg har vi fått god bistand frå andre aktørar og organisasjonar, spesielt Frivillighet Norge.

1.2 Avgrensingar og definisjonar

Det er i kommunane det frivillige arbeidet skjer, og fleire av kommunane i Vestland har politisk vedtekne frivilligstrategiar. I kunnskapsgrunnlaget ser vi på frivillig sektor i eit regionalt perspektiv. Som fylkeskommune har vi eit særskilt ansvar for det regionale nivået. Omgrepet *regionalt* handlar her om geografisk nedslagsfelt utover ein enkeltkommune og/eller regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, kvalitet og særpreg.

Lokale frivillige organisasjonar som ikkje har eit regions- eller fylkesledd er mindre synlege i kunnskapsgrunnlaget. Desse organisasjonane kan likevel vere viktige ressursar med regionale funksjonar, og må følgast opp i det vidare arbeidet med frivilligpolitikk i Vestland.

Vi har valt å nytte Frivillighet Norge sin definisjon av frivilligheit, som igjen viser til ILO (International Labor Organization):

ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten å ta betalt (ILO, 2011)¹

¹ <https://www.frivillighetnorge.no/fakta/hva-er-frivillighet/>

1.3 Vestland fylke – demografiske endringar og livsvilkår

Vestland er eit spreiddbygd fylke, sjølv om rundt 80% av befolkninga bur i tettbygde strøk. Sentraliseringa er venta å auke i dei kommande åra, og fram mot 2040 vil åtte av ti innbyggjarar vere busett i dei 12 mest sentrale kommunane.²

Fødselstala går nedover, og befolkninga blir eldre. Aldersfordelinga i kommunane er ujamn. Framskrivingar syner at åtte kommunar vil ha mindre enn 20% eldre i 2040. Dei fleste av desse er kommunar rundt Bergen. Ni av kommunane vil ha over 30 % eldre, derav mange rundt Sognefjorden.

Innvandring har vore viktig for folketalsutviklinga i alle delar av fylket dei seinare åra. Ved inngangen til 2018 var 12% av befolkninga innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Dei siste åra har innvandringa bremsa opp. Det er fleire med innvandrarbakgrunn som flyttar frå enn til Vestland.³

Gode oppvekstvilkår skapar grunnlaget for helse og trivsel gjennom heile livet. Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023)⁴ viser at dei fleste i Vestland lever gode liv og tek gode og sunne val

for seg sjølv og familien. I Vestland er forventade levealder for menn og kvinner signifikant høgare enn landet elles. Gode samfunn og helsetenester er viktige årsaker til at folk blir eldre. Samtidig ser vi at livsvilkår som trygg oppvekst, utdanning, arbeid, inntekt og ei meningsfull fritid er ulikt fordelt i fylket.

Folkehelseoversikta i Vestland slår fast at svak økonomi og låg utdanning gir dårlegare livsvilkår og lågare deltaking i organiserte og eigenorganiserte aktivitetar. Funksjonsnivå påverkar deltaking, og innvandrarar deltar i mindre grad i formaliserte medlemsskap og organisasjonsliv. Det er ei negativ utvikling i psykisk helse i Vestland, spesielt blant unge. Ein av fem ungdommar svarar at dei har vore mykje plagga av einsemd siste veka. Fleire jenter enn gutar svarar at dei kjenner seg einsame.⁵ Frivilligheita kan bidra ved å inkludere fleire og redusere barrierar for deltaking.

Frivilligheita endrar seg samtidig med endringar i samfunnet. Vi vil i det vidare presentere undersøkingar og forskning nasjonalt og i eige fylke. Her er eit samandrag av det du vil møte seinare i dokumentet, formulert som moglegheiter og utfordringar vi ser for frivillig sektor i Vestland i framtida.

² <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/vestland-statistikk-og-utviklingstrekk/>

³ [ibid.](#)

⁴ <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/kunnskapsgrunnlag/oversikt-over-folkehelsa/>

⁵ <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/vestland-statistikk-og-utviklingstrekk/>

2 SAMANDRAG: MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR I FRIVILLIG SEKTOR FRAMOVER

Frivilligheit og organisasjonsliv:

- Endra frivillig engasjement. Den frivillige innsatsen er stabil og aukande, men fleire engasjerer seg som privatpersonar og ikkje som representant for ein organisasjon.
- Enkelte medlemsorganisasjonar opplever fråfall, andre vekst. Færre er medlemmer i ideologiske, verdiorienterte organisasjonar og fleire i organisasjonar der ein kan utfalde seg fysisk eller kulturelt.
- Nye organisasjonsformer. Fleire lokale lag blir stifta utan å vere knytt til ein nasjonal organisasjon. Fleire heildigitale foreiningar blir etablerte.
- Økonomien i frivillig sektor er i endring. Ein større del av inntektene kjem frå private hushaldningar og privat sektor. Det offentlege bidrar framleis sterkt.
- Dei regionale frivillige organisasjonane i Vestland melder om behov for betre nettverk og styrka kompetanse.
- Ein del lokale organisasjonar utan regional organisering i Vestland, m.a. innan kulturarvfeltet og blant innvandrorganisasjonane, har viktige regionale funksjonar.
- Rekruttering av medlemmer generelt og medlemmer til verv blir sett på som utfordrande av mange organisasjonar.
- Mange organisasjonar peikar på inkludering og rekruttering av etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne som utfordrande.

Deltaking og barrierar:

- Demografien er i endring. Vi blir stadig fleire eldre, som kan bidra både som frivillige, og ha behov for frivillig hjelp og innsats.
- Innvandrarar er underrepresenterte i frivilligheit, og i styring og leiing av denne.

- Kvinner og ungdom er underrepresenterte i styring og leiing av frivillig sektor.
- Dårlig privatøkonomi hindrar ein del i å delta i aktivitetar og frivillig arbeid.
- Sosial ulikskap påverkar barn og unge si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Unge frå familiar med låg sosioøkonomisk status deltar mindre, spesielt i idrett og kulturaktivitetar.
- Menneske med nedsett funksjonsevne opplever utfordringar med å delta i aktivitetar og frivillig arbeid.

Samfunnsendringar:

- Velferdsstaten er i endring. Frivillig sektor kan få ei større rolle innan velferd.
- Samskaping mellom det offentlege, det private og sivilsamfunnet sine organisasjonar er eit nytt styringsideal. Dette kan medføre at offentleg politikk og tenester i større grad blir resultat av prosessar med mange ulike aktørar.
- Frivillige organisasjonar og offentleg sektor styrkar kvarande gjennom tettare samarbeid og samhandling. Kommunar med vedtatt frivilligpolitikk samarbeider betre med frivilligheit, spesielt innan integrering.
- Vil frivilligheit bli endra etter koronaen? Koronapandemien kan ha svekka frivilligheit økonomisk og medføre at ein del sluttar å engasjere seg som frivillige.

Nokre tal frå den norske frivilligheit:

- 66 % har gjort frivillig innsats det siste året.
- 74 % er medlem i ein frivillig organisasjon, 48 % i to eller fleire organisasjonar.
- Årleg blir det utført uløna frivillig innsats tilsvarande 142 000 årsverk. Verdien av dette er rekna ut til å vere nesten 78 mrd. kr.
- Frivillige organisasjonar bidrar årleg med 139 mrd.

kr i verdiskaping. Dette tilsvarar 4,6% av bruttonasjonalproduktet.

- I snitt arbeider dei frivillige om lag 79 timar per år.
- Dei over 67 år utfører mest frivillig arbeid, med 119 timar per år.

Kjelder: Frivillighetsbarometeret, Levekårsundersøkinga og Satelittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar

3 FRIVILLIG SEKTOR I VESTLAND

Det frivillige arbeidet er stort og famnar mange ulike område og sektorar. Vi vil ikkje klare å fange opp alt som skjer i frivilligheita i Vestland, men vil her gje eit oversiktsbilete.

3.1 Frivillige organisasjonar

Dei frivillige organisasjonane er ein bærebjelke i samfunnet. Tal frå SSB si leveårsundersøking i 2020 viser at 45 % av befolkninga på Vestlandet svarar at dei er aktive i frivillige organisasjonar. 18 % er aktive i to eller fleire organisasjonar. Dette er på linje med tal for resten av landet.⁶

Som fylkeskommune har vi særskilt ansvar for regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, kulturorganisasjonar, idretts- og friluftsportorganisasjonar og mangfaldsorganisasjonar. Vi har også kontakt med og yter tilskot til andre regionale frivillige organisasjonar.

I Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021 er det løyvd om lag 22,6 millionar kr i driftstilskot til frivillige organisasjonar. Vestland fylkeskommune løyver om lag 8 millionar kr i prosjektmidlar

til frivillig sektor og om lag 250 millionar kr gjennom tilskotsordningar til prosjekt som frivillige organisasjonar, kommunar, stiftingar og andre kan søkje på. Prosjektmidlane er rekna ut frå budsjett eller løyvde tilskot i 2020 eller 2021, då det per dags dato ikkje har blitt gjort tildelingar frå alle tilskotsordningane i 2021. Midlane er fylkeskommunale eller statlege midlar / spelemidlar tildelt fylkeskommunen til vidare fordeling. Liste over mange av tilskotsordningane frå Vestland fylkeskommune til frivillig sektor er vedlagt kunnskapsgrunnlaget.

Kommunane rapporterer kvart år inn tal på frivillige lag som får kommunalt tilskot, og kor mykje som blir delt ut i driftstilskot⁷:

I 2019 fekk 999 lag/foreiningar innan ulike kulturaktivitetar i Hordaland tilskot, og 517 innan idrett. I Sogn og Fjordane var tilsvarande tal 950 og 135. Driftsstøtta utgjorde nesten 80 millionar i Hordaland, og drygt 20 millionar i Sogn og Fjordane.

Tala på dette kan du sjå i tabellen nedanfor:

⁶ <https://www.ssb.no/statbank/table/13070>

⁷ <https://www.ssb.no/statbank/table/11761/>

2019	Frivillige lag og foreiningar, andre kulturaktivitetar		Frivillige lag og foreiningar, idrett	
	Hordaland	Sogn og Fjordane	Hordaland	Sogn og Fjordane
Frivillige lag og foreiningar som mottar kommunalt tilskot (tal)	999	395	517	135
Kommunale driftstilskot til frivillige lag og foreiningar i gjennomsnitt per lag (kr)	36 544	25 668	83 132	74 000
Driftstilskot til frivillige lag og foreiningar totalt (kr)	36 507 000	10 139 000	42 979 000	9 990 000

3.1.1 Barne- og ungdomsorganisasjonar

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane representerer mange ulike verdiar, og har eit stort mangfald av aktivitetar innan mellom anna kultur, friluftsliv, idrett, fritid, livssyn, samfunnspolitikk og elev/student.


På nasjonalt nivå er 100 barne- og ungdomsorganisasjonar medlemmer i Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), med til saman rundt 450 000 medlemsskap.⁸ Organisasjonar med idrettslege aktivitetar og ad-hoc organisasjonar har ikkje fullt medlemsskap i LNU, og kjem derfor i tillegg. Mange av dei nasjonale

barne- og ungdomsorganisasjonane har region-/fylkesledd i Vestland. Vestland fylkeskommune har ei tilskotsordning til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. 17 organisasjonar fekk tilskot gjennom ordninga i 2020.

Undersøkinga *Ung frivillighet 2018. Rapport 16*⁹ viser vekst i medlemstalet på nasjonalt nivå i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane i LNU i perioden 2006-2017:

⁸ www.lnu.no

⁹ <https://www.lnu.no/wp-content/uploads/2018/10/lnu-r16-ung-frivillighet-2018.pdf>



Figur 1: Medlemmer i barne- og ungdomsorganisasjonene
Tellende medlemmer blandt organisasjoner som mottok grunnstøtte året etter grunnlagsåret, 2006-2017 (inkluderer ikke ungdomspartiene)

3.1.2 Frivillige kulturorganisasjonar

Dei frivillige kulturorganisasjonane har eit stort mangfald av aktivitetar innan musikk, song, teater, handverk, dans, historieformidling, visuell kunst, kulturarv og andre område. Mange kulturorganisasjonar står bak festivalar og store publikumsarrangement. Ein del frivillige kulturorganisasjonar er eigarar av lokale kulturbygg. Kulturindeksen til Telemarksforskning¹⁰ plasserer Vestland på tredje plass av dei 11 fylka i landet når det gjeld frivillighet innan kulturfeltet. Indeksen ser mellom anna på momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar og organiserte aktivitetar gjennom korps, kor, historielag, husflidslag og kunstlag, samt deltaking på vaksenopplæringskurs.

I det nasjonale samarbeidsforumet Frivillighet Norge er 41 av 300 medlemsorganisasjonar i kategorien «Kultur og fritid»¹¹. Mange av desse har region- eller fylkeslag i Vestland. Norges kulturvernforbund er ein paraplyorganisasjon for frivillige kulturvernorganisasjonar og samlar 29 landsdekkande organisasjonar. I Vestland fylke er det frivillige arbeidet innan kulturarvfeltet stort på lokalt nivå, gjennom lokale lag eller i regi av enkeltpersonar. Det er få regionale ledd som representerer dei lokale aktørane. Mange av dei frivillige organisasjonane innanfor kulturarvfeltet fyller likevel viktige regionale funksjonar, og er viktige støttespelarar og samarbeidspartar for fylkeskommunen i arbeidet med kulturvern og kulturminneforvaltning.

Vestland musikkråd samlar 21 regionale musikkorganisasjonar under sin paraply. I ein del kommunar og regionar har frivillige kulturorganisasjonar gått saman om å stifte amatørkulturråd eller kulturråd, for å samordne kulturlivet og frivilligheita og for å løfte felles utfordringar.

Vestland fylkeskommune står opp under det frivillige kulturlivet gjennom mellom anna tilskotsordningar til drift av regionale kulturorganisasjonar og midlar til prosjekt. I 2021 fekk 22 fylkeslag eller paraplyorganisasjonar innan frivillig kulturliv driftstilskot via fylkeskommunen.

3.1.3 Idretts- og friluftorganisasjonar

Norsk idrett er organisert under Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF)¹², og svært mange særrettar og regionale idrettsorganisasjonar er tilknytt NIF sentralt. Formålet til NIF er å arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut i frå sine ønske og behov.

I Vestland fylke er idretten organisert gjennom Vestland idrettskrets. Idrettskretsen er bindeledd mellom dei lokale idrettslag og dei regionale særkretsane og regionane. Idrettskretsen omfattar 53 særrettar og 43 idrettsråd, som organiserer 1110 idrettslag og over 240 000 medlemskap.

Nasjonalt er friluftslivet primært organisert gjennom to organisasjonar, Norsk Friluftsliv¹³ og Friluftsrådernes Landsforbund¹⁴. Norsk Friluftsliv organiserer 18 friluftorganisasjonar nasjonalt, med over 950 000 medlemmar og meir enn 5000 lag og foreiningar. Mange av desse har regionale lag i Vestland. Fleire av organisasjonane er også medlemmer i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)¹⁵ som arbeider med spørsmål knytt til friluftsliv, natur og miljø. I Vestland fylke er det per i dag tre interkommunale friluftsråd knytt til Friluftsrådernes Landsforbund.

Vestland fylkeskommune samarbeider med og gjev drifts- og prosjekttilskot til fleire av dei regionale idretts- og friluftorganisasjonane.

3.1.4 Mangfaldsorganisasjonar

Mangfald handlar om menneska i samfunnet, om det som gjer oss ulike og det som samlar oss. Etnisk mangfald er ein del av dette biletet.

Innvandrarorganisasjonar kan ha ulike formål, men dei fleste er etablert for å ta vare på og styrke etnisk og religiøs identitet og tilhøyrse. Innvandrarforeiningane si historie i Noreg er relativt kort, og heng saman med innvandringsperioden frå andre halvdel av 1960-talet. Den siste kartlegginga i Norge vart gjort i 2006, og viser om lag 1000 lokale

¹⁰ <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=377150&documentId=627835>

¹¹ <https://www.frivillighetnorge.no/medlemmer/kultur-og-fritid/>

¹² www.idrettsforbundet.no

¹³ <https://norskfriluftsliv.no/>

¹⁴ <https://www.friluftsrad.no/>

¹⁵ <https://fnf-nett.no/>

foreiningar og 10 paraplyorganisasjonar.¹⁶ Truleg har talet innvandrorganisasjonar auka sidan dette.

Formålet til organisasjonane kan mellom anna vere å skape nettverk, kompetanseheving og å styrke sosiale og kulturelle band. Nokre studium har likevel vist at enkelte innvandrorganisasjonar har tendens til å vere internt orienterte med få koplingar utad.¹⁷ Vestland Innvandrerråd er ein politisk og religiøs nøytral paraplyorganisasjon for innvandrorganisasjonar i Vestland.¹⁸

1. januar 2020 overtok fylkeskommunane Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) sine seks regionale oppgåver. Ei av oppgåvene er regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking. Vestland fylkeskommune har fleire tilskotsordningar som skal bidra til å byggje opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfald.

3.1.5 Andre viktige sivilsamfunnsorganisasjonar

I Vestland fylke har vi eit stor mangfald av sivilsamfunnsorganisasjonar, mange av desse med regionalt ledd. Vestland fylkeskommune er i kontakt med og gjev tilskot til fleire av desse organisasjonane.

Humanitære organisasjonar er basert på prinsippa om humanitet, nøytralitet, upartiskheit og uavhengigheit. Dei humanitære organisasjonane driv arbeid innan mellom anna beredskap, mangfald og fattigdomstiltak.

Frivillig sektor har vore med i utviklinga av velferdstenester og innovasjon på helse- og omsorgsfeltet, og har vist veg for det som seinare har blitt oppgåver for velferdsstaten. **Frivillige organisasjonar innan helse- og omsorgsfeltet** arbeider m.a. innan rusfeltet, kreftomsorg, psykisk helse

og omsorg ved livets slutt.

Det finst **frivillige organisasjonar med og for seniorar og pensjonistar**. Frivilligheit og eldre dreier seg både om at eldre skal få god alderdom, og at eldre kan vere ein ressurs i samfunnet.

Det finst mange **organisasjonar for personar med nedsett funksjonsevne**, som mellom anna jobbar for likeverd og likestilling. Organisasjonane er gjerne nasjonale med regionale fylkeslag. Dei fleste er samla i Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjonar (SAFO)¹⁹ og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)²⁰.

Trus- og livssynsorganisasjonane er i arbeidsoppgåver, breidde, mangfald og målgruppe i all hovudsak lik andre frivillige organisasjonar. Mykje av arbeidet er retta inn mot barn og ungdom og har ofte kultur, idrett, friluftsliv eller humanitært arbeid som primæraktivitet. Mange av organisasjonane har religiøst formål og enkelte har humanistisk formål.

Innanfor dei **politiske organisasjonane** har vi både dei politiske partia og ungdomspartia, samt organisasjonar som jobbar meir med politisk påverknadsarbeid innan meir spesifikke saksfelt, slik som internasjonale tema, naturvern, klima- og miljøspørsmål.

Det finst også ei rekkje frivillige **interesseorganisasjonar** med regionlag eller fylkeslag i Vestland. Organisasjonane jobbar innan ulike felt, frå politiske og rettighetsspørsmål, til helse, rusmiddel og trafikk.

Elev- og studentorganisasjonane er ofte organisert med lokale medlemslag knytt til studiestadane, men enkelte har også region- eller fylkeslag i Vestland.

Vi har også mange frivillige organisasjonar innan **bustad, lokalmiljø og økonomi**, slik som velforeiningar, grendelag, burettslag og arbeidslivsforeiningar.

¹⁶ <https://www.regjeringen.no/contentassets/f5f792d1e2d54081b181655f3ca2ee79/no/pdfs/nou201120110014000dddpdfs.pdf>

¹⁷ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2442815/Foreningsliv+i+et+flerkulturelt+lokalsamfunn.pdf?sequence=2>

¹⁸ <https://vestlandinnvandrerrad.no/>

¹⁹ <https://www.safo.no/>

²⁰ <https://ffo.no/>

Vaksenopplæringsforbundet²¹ er interesseorganisasjon for i alt 14 **studieforbund**, der dei fleste har regionlag i Vestland. Studieforbunda er ideelle organisasjonar med vaksenopplæring som hovudformål, og med medlemsorganisasjonar knytt til seg.

3.2 Frivillig deltaking og folkehelse

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023)²² viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvaliteten og meistring. Å utvikle kvaliteten på arenaene der folk oppheld seg – særleg i oppveksten – er eit viktig verkemiddel for å skape ei robust og deltakande befolkning. Å sikre at folk deltek og ikkje fell utanfor er svært viktige folkehelseiltak som kommunane, fylkeskommunen og næringslivet har gode moglegheiter til å påverke gjennom sine verkemiddelapparat.

Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhørsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, har i ein kunnskapsgjennomgang på frivilligheit og folkehelse²³ vist til fleire studiar som peikar på ei positiv samanheng mellom deltaking i frivillig arbeid og sjølvrapportert god helse og livskvalitet. Samanlikna med personar som ikkje deltek i frivillig arbeid, rapporterer frivillige stort sett at dei har betre allmennhelse, færre fysiske helseplager og meir velvære.

Folkehelseundersøkingane i Hordaland (2018) og

Sogn og Fjordane (2019) viser ein positiv samanheng mellom høg utdanning og deltaking i organisert aktivitet for dei over 18 år. Også økonomisk ulikskap påverkar sosial deltaking. Barn i familiar med låg inntekt deltek i mindre grad og sluttar tidlegare i organiserte aktivitetar enn andre barn. Ved å stå utanfor fritidsaktivitetar går dei glipp av viktige arenaer for å treffe andre, utvikle sosial kompetanse, identitet og demokratiforståing.

3.3 Spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland

Vestland fylkeskommune sendte i desember 2020 ut ei spørjeundersøking²⁴ for å kartlegge utfordringar og moglegheiter, og for å få innspel til korleis vi kan løfte frivillig sektor. Undersøkinga vart sendt til i alt 92 regionale frivillige organisasjonar, og 66 % svarte på heile undersøkinga. Enkelte organisasjonar er ikkje med i undersøkinga, då dei ikkje har eit regionalt ledd. Det var ikkje mogleg å svare «verken – eller» på spørsmåla. Dette for å få fram klarare svar frå respondentane. Ein del spørsmål handla om lokallaga sin situasjon. Vi må ta atterhald om at dette kan ha gjort det vanskeleg å svare på desse spørsmåla, då situasjonen kan vere ulik frå lokallag til lokallag. Det vart understreka at ein skulle svare utifrå ein «normalsituasjon», slik den kan sjå ut etter korona-pandemien.

Respondentane vart delt inn i fire typar: Kulturorganisasjonar, barne- og ungdomsorganisasjonar, idretts-, friluft- og naturorganisasjonar og andre organisasjonar.

²¹ <http://www.vofo.no/om-vofo/om-vofo/>


²² <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/kunnskapsgrunnlag/oversikt-over-folkehelsa/>

²³ https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/publikasjoner/notater/notat_02_2016_v4.pdf

²⁴ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst-og-kulturutvikling/rapport-sporjeundersokning-frivillig-sektor-i-vestland-2020.pdf>

I kva grad opplever organisasjonen din følgjande område som enkelt eller utfordrande?

Respondenter



Svara på hovudspørsmålet i undersøkinga viser ein klar tendens til at rekruttering av medlemmer, rekruttering av medlemmer til verv, inkludering av etniske og kulturelle minoritetar i aktivitetane og inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i aktivitetane blir sett på som dei mest utfordrande områda.

Kulturorganisasjonane har høgst svarprosent som peikar på rekruttering og inkludering som ei utfordring, og svarar mest negativt rundt synleggjering. Hos barne- og ungdomsorganisasjonane svarar mange at rekruttering er utfordrande, men har meir positive svar når det gjeld inkludering. For idrett-, friluft- og naturorganisasjonane er rekruttering av medlemmer til verv og arbeidet med inkludering dei mest utfordrande områda. I tillegg svarar mange at byråkrati/papirarbeid og det å få folk til å jobbe dugnad er utfordrande. For kategorien «andre organisasjonar» er rekruttering av medlemmer det mest utfordrande området, medan mange fleire svarar at synleggjering og inkludering er enkelt / svært enkelt.

I dei opne tekstsvara svarar mange at dei ønskjer fleire møteplassar for frivillig sektor (seminar, konferansar, erfaringsutveksling o.l.), og at dei ønskjer regionalt kulturråd og/eller frivilligråd.

3.4 Frivillig innsats utan medlemsskapstilknytning

Frivillig innsats frå enkeltpersonar som ikkje er medlem av eller representerer ein organisasjon er aukande.²⁵ På lokalt plan engasjerer fleire seg mellom anna i arbeidet til frivilligsentralar i kommunane og deltar på dugnadsarbeid i lokalsamfunna.

Den frivillige innsatsen ved større kulturarrangement og festivalar er stor. Arrangørane inviterer frivillige organisasjonar til innsats, eller enkeltpersonar melder seg sjølv som frivillige. Det er etablert digitale løysingar for samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og arrangørane. Det er

²⁵ Lorentzen & Midsundstad 2020. Frivillighet. Nye former for frivillig arbeid i norske kommuner, s. 13

skilnad mellom frivilligheit ved heilårsarrangement og frivilligheit på korte arrangement. Graden av frivillig arbeid er størst for arrangement med kommersiell driftsform innan musikkjangrane pop og rock.²⁶

Innan idretten er frivilligheita heilt sentral, og i endring. Det er færre som jobbar lenge og mykje, og fleire som tek på seg kort og tidsavgrensa arbeid.²⁷

[Frivillig.no](https://om.frivillig.no) er ein nasjonal portal der alle som ønskjer det kan melde seg til frivillig arbeid. Mange arrangørar og organisasjonar nyttar seg av portalen.²⁸

3.5 Arenaer for frivillig arbeid

Frivilligheita har ulike behov for møteplassar, anlegg og arenaer for aktiviteten. I spørjeundersøkinga blant regionale frivillige organisasjonar

i Vestland²⁹ svarar om lag halvparten at det er utfordrande for lokallaga å få tilgang til eigna lokale/arenaer og at det er dyrt å leige eller drifte lokale/arena for aktivitetane. I rapporten *Organisasjonslandskap i endring 2009-2019*³⁰, gjennomført av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, svarar rundt halvparten av organisasjonane at dei har tilgang til gratis eller rimelege lokale til aktiviteten. 20 % av dei lokale organisasjonane eig eigne lokale, i følgje undersøkinga.

Mange frivillige organisasjonar nyttar offentlege lokale og arenaer, som t.d. skular og idrettsanlegg. Kommunane bestemmer om dei vil ta betalt for utlån. Er aktiviteten rekna som vaksenopplæring har organisasjonen som gjennomfører opplæringa rett til gratis offentlege lokale, i følgje vaksenopplæringslova, §7:

Undervisningslokaler der driftsutgiftene dekkes av det offentlige, skal etter søknad stilles vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner ved avholdelse av kurs med tilskudd etter kapittel 2 i loven.

²⁶ <https://kunnskapsverket.org/sites/default/files/Nasjonal%20festivalstatistikk%202015%20Digital.pdf>

²⁷ <https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/arkiv/hordaland-idrettskrets/idrettsrad/frivillighet/>

²⁸ <https://om.frivillig.no/festivalogkultur>

²⁹ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst-og-kulturutvikling/rapport-sporjeundersokning-frivillig-sektor-i-vestland-2020.pdf>

³⁰ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmli/bitstream/handle/11250/2639499/Organisasjonssamfunn%20i%20endring.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

2019	Frivillige lag og foreiningar, andre kulturaktivitetar		Frivillige lag og foreiningar, idrett	
	Hordaland	Sogn og Fjordane	Hordaland	Sogn og Fjordane
Gratis hall- eller husleie for frivillige barne- og ungdomsforeiningar (ja=1, nei=0)	27	15	26	14
Redusert hall- eller husleie for frivillige barne- og ungdomsforeiningar (ja=1, nei=0)	18	16	22	17

Tabellen viser kor mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane som hadde tilbod om gratis eller redusert husleige for barne- og ungdomsforeiningar i 2019.³¹

³¹ <https://www.ssb.no/statbank/table/11761/>

Fylkestinget i Vestland vedtok i samband med budsjett 2020 at vidaregåande skular og idrettsanlegg i fylkeskommunen si eige bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkeskommunen arbeider med å kartlegge kostnaden og praktiske forhold rundt dette.

Gjennom ordninga for spelemidlar blir det gjeve tilskot til kulturbygg, idrettsanlegg, friluftsanlegg og løypetiltak i fjellet / overnattingshytter. Fylkeskommunane tildeler kvart år spelemidlar til kulturbygg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet, etter tildeling frå Kulturdepartementet. I 2020 vart følgjande tildelt i spelemidlar i Vestland fylke:

Tilskotsordning	Kr tildelt
Tilskot til kulturbygg	ca 6,3 mill.
Tilskot til idrett og fysisk aktivitet	ca 192 mill.

Innanfor kulturbygg finn vi både offentleg eigde kulturhus og organisasjonseigde kulturbygg, eigd av ungdomslag, grendelag, velforeiningar og andre lag eller stiftingar. I 2020 var det i Vestland 55 søknader om tilskot til kulturbygg og åtte om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar.

Idrettsanlegg og friluftslivsbygg som har fått midlar gjennom spelemiddelordninga er i hovudsak eigd anten av kommunane, eit idrettslag eller eit grendelag. Det er registrert om lag 7700 idrettsanlegg i Vestland fylke. Årleg handsamar fylkeskommunen rundt 600 søknadar om midlar til etablering eller rehabilitering av anlegg til idrett og fysisk aktivitet.

3.6 Samhandling med andre sektorar

Frivillig sektor er ein viktig samfunnsaktør, og samhandlar med offentlig og privat sektor på mange ulike måtar og område.

I spørjeundersøkinga blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland desember 2020³¹ svarte om lag halvparten at samarbeidet mellom kommunane og dei lokale medlemslaga er enkelt, medan ein litt større andel meinte at samarbeidet mellom fylkeskommunen og regionlaget/fylkeslaget er enkelt.

Eit fleirtal av organisasjonane svarte at det er enkelt for dei lokale medlemslaga og fylkeslaget/regionlaget å få til samarbeid med andre frivillige organisasjonar. Vidare svarte godt over halvparten at det er utfordrande for dei lokale medlemslaga å få til samarbeid med privat næringsliv, og meir enn 2/3 at dette er utfordrande for fylkeslaget/regionlaget.

Samarbeid med privat sektor

Mange bedrifter og stiftingar støttar lag og organisasjonar økonomisk med sponsor- og prosjektmidlar. Andre eksempel på private dugnadsbidrag er mellom anna gratis tenester frå bedrifter og privatpersonar ved oppføring av idrettsanlegg, turstiar, kulturhus etc.

Staten si gåveforsterkingsordning inneber at gaver frå private (personar eller føretak) på over 100 000 kr til ulike kunst- og kulturformål, kan utløyse statleg gåveforsterking på 25 % av beløpet.³² Givarar kan få skattefrådrag for pengegaver til frivillige lag og organisasjonar.³³

Lotteri- og stiftelsestilsynet viser i ei undersøking³⁴ at norske stiftingar deler ut nær 6 milliardar kr i året. Nær 1,7 milliardar kr blei delt ut til formål innanfor kultur og idrett i 2019, 1,3 milliardar kr gjekk til humanitært arbeid og bistand, og 800 millionar kr til forskning. Det er registrert 630 stiftelsar som har Vestland som nedslagsfelt.

³¹ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst-og-kulturutvikling/rapport-sporjeundersokning-frivillig-sektor-i-vestland-2020.pdf>

³² <https://www.regjeringen.no/no/dep/kud/tilskudd/gaveforsterkningsordning-for-museer/id751745/>

³³ <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/rapportering-og-bransjer/bransjer-med-egne-regler/frivillige-og-ideelle-organisasjoner/skatt-for-gaver/>

³⁴ <https://lottstift.no/norske-stiftelsars-samfunnsbidrag/norske-stiftelsar-delar-ut-6-milliardar-i-aret/>

Samarbeid med offentleg sektor

Mange offentlege tenestetilbod starta i si tid som tiltak i regi av organisasjonar, t.d. aldersheimar, barnehagar og helsestasjonar. Også i dag tar frivillige organisasjonar tak i samfunnsoppgåver, og organisasjonar blir oppretta på bakgrunn av nye behov.

Kommunane og frivillige organisasjonar samarbeider på mange ulike måtar. Enkelte kommunar støttar lag og organisasjonar i form av gratis/rimeleg lån av lokale³⁵ eller dei kan gi økonomisk støtte. Kommunane kan samarbeide med ulike råd, som amatørkulturråd, musikkråd og idrettsråd. Frivillige organisasjonar bidreg med ulike tenester mot helse- og omsorgssektoren, både «gratis» tiltak, som t.d. besøksvenner, eller ved at kommunen finansierer ikkje-lovpålagde oppgåver som frivillige organisasjonar utfører. Verdighetsenteret³⁶ har gjennom sitt arbeid fått ansvaret for å utdanne frivilligkoordinatorar, som skal koordinere frivillig innsats innanfor eldreomsorga. I Vestland har Verdighetsenteret fram til 2021 utdanna nærmare 100 frivilligheitskoordinatorar fordelt på 15 kommunar.

Arbeidet med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi, skjer ofte i eit samarbeid mellom det offentlege og frivillige. Særleg innan fartøyvernet utgjer den frivillige innsatsen ein vesentleg del. Her går ofte dei offentlege tilskota til materiale og spesialtenester ved verft, medan drift og naudsynt vedlikehald vert utført av frivillige. Andre døme på samarbeid mellom frivillige, kommunar og fylkeskommunen er innsamling, vern og formidling av stadnamn og historiske foto. Dei offentlege aktørane bidreg med tilskot, rådgeving, fagleg støtte og koordinering, medan dei frivillige jobbar med kartlegging, innsamling og tilrettelegging i sine lokalsamfunn. Frivillige lag og organisasjonar gjer også eit stort arbeid lokalt med skjøtsel av kulturminne, samt i arbeidet med kartlegging og dokumentasjon av kulturminne av lokal verdi. Sistnemnde har vore ein viktig del av kommunane sitt arbeid med lokale kulturminneplanar.

På andre område, som kultur, idrett, friluftsliv og barne- og ungdomsarbeid, er det også eksempel på samarbeid, til dømes med barn og unge i familiar med vedvarande låginntekt, personar med ulike utfordringar og eldre. Andre døme kan vere frivillige organisasjonar som samarbeider med biblioteket om arrangement eller som bidreg med aktivitetar i SFO.

Frivilligpolitikk

Samarbeidet med dei frivillige er ulikt organisert i kommunane. Det er behov for kompetanse, god organisering og ein aktiv lokal frivilligpolitikk for å etablere godt samarbeid mellom kommunane og frivilligheita.³⁷ Frivillighet Norge har utarbeidd eit kart med oversikt over kommunar som har ein heilskapleg frivilligpolitikk, eller som er i ferd med å utarbeide dette.³⁸ Per april 2021 har fire kommunar i Vestland ein vedtatt frivilligpolitikk, og fleire er i prosess.

Frivilligsentralar

Frivilligsentralane kan vere kommunale eller er delvis finansiert av kommunen. I følgje Norges Frivilligsentralar³⁹ er det i dag om lag 465 frivilligsentralar i Norge, fordelt på 308 kommunar. Felles for dei er at dei skal fungere som ein lokalt forankra møteplass og nærmiljøsentral, open for alle som har lyst til å delta innan frivillig verksemd. Nokre driftar sjølv sine aktivitetar og har eigne frivillige, medan andre har ein koordinerande funksjon til dei frivillige organisasjonane i sitt område og er bindeledd mellom kommune, lokalsamfunn og andre aktørar. Mange frivilligsentralar tar hand om alle desse funksjonane. Det er 57 frivilligsentralar i Vestland tilknytt nettverket Vestland Frivilligsentralar.

³⁵ <https://www.ssb.no/statbank/table/11761/>

³⁶ <https://www.verdighetsenteret.no/>

³⁷ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/helhetlig-frivillighetspolitikk-gir-gode-resultater/>

³⁸ https://www.nyhetsgrafikk.no/hosting_kunder/kart-frivillighetnorge-2020/

³⁹ <https://frivilligsentral.no/nettverk>

4 MÅL OG PLANAR I VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Visjon og verdier i Vestland fylkeskommune



Samfunnsoppdraget, visjonen og verdiane til Vestland fylkeskommune ligg til grunn for alt arbeidet i fylkeskommunen. Visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken, og ligg til grunn for alle planar og strategiar. Verdiane «Kompetent», «Open» og «Modig» er viktige i arbeidet med å utvikle organisasjonen.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024⁴⁰ definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga. Planen prioriterer strategiar for å oppnå måla og kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra. Utviklingsplanen definerer fire hovudmål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Det blir peika på at dei frivillige er ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Vestland. Ei av utfordrin-

gane er å få eit godt samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og det offentlege. Frivillig sektor blir omtala under mål 4 «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping», og særskilt under strategi 4.1 «Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn». Hausten 2022 blir regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 vedtatt. Det er vedtatt å vidareføre noverande regionale planar for folkehelse.

Regionale planar for folkehelse

Regional plan for folkehelse i Sogn og Fjordane (2015-2025) og Hordaland sin regionale plan for folkehelse (2014-2025) gjeld framleis. I begge planane er det mål om å styrke frivillig sektor. Planane legg til grunn at eit godt samarbeid mellom frivillig og offentlig sektor vil gjere det mogleg å lykkast betre med inkludering og medverknad i nærmiljø og lokalsamfunn.

Regional plan for kultur

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle* og regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* slår fast dei kulturpolitiske måla for fylket. Det vil bli vedtatt ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv hausten 2022, der frivilligheita vil vere eit viktig område.

Andre planar og tiltak

I 2019 vart *anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune*⁴¹ vedtatt med mål om å byggje formålstenlege anlegg innan idrett og fysisk aktivitet.

Vestland fylkeskommune signerte hausten 2020 ein samarbeidsavtale med Tverga og med Lokale og Anlægsfonden (LOA) knytt til prosjektet *nyskapande aktivitetsanlegg 2020-2023*.

Vestland fylkeskommune er ein av i alt fem samarbeidspartar i prosjektet «Dugnad for økt deltakelse» i regi av Frivillighet Norge. Målet er å skape frivilligheit for alle og å inkludere fleire frå grupper som står i fare for einsemd. Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet.

⁴⁰ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>

⁴¹ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/idrett-og-friluftsliv/anleggspolitikk.pdf>

5 INTERNASJONALE OG NASJONALE MÅL, UNDERSØKINGAR OG FORSKING

5.1 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast (leaving no one behind). Menneske med nedsett funksjonsevne, flyktingar, etniske og religiøse minoritetar, jenter og urfolk er høgt representert blant dei som lever i fattigdom og deltar mindre i sosiale, kulturelle og fritidsaktivitetar.

Vestland fylkeskommune vil styrke innsatsen for dei mest sårbare gruppene i samfunnet. I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024⁴² blir det slått fast at FN sine berekraftsmål skal vere overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.⁴³

I regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023⁴⁴ blir det slått fast at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn. Dette gjer frivillig sektor si rolle i kommunale og fylkeskommunale planstrategiar aktuelle. Dette gjeld kanskje særleg berekraftsmåla om:

- God helse (3)
- Innovasjon og infrastruktur (9)
- Mindre ulikskap (10)
- Berekraftige byar og lokalsamfunn (11)
- Ansvarleg forbruk og produksjon (12)
- Fred, rettferd og velfungerande institusjonar (16)
- Samarbeid for å nå måla (17)



⁴² <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>

⁴³ <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>

⁴⁴ <https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-2023.pdf>

5.2 Nasjonale rammer og mål for frivillig sektor

Både **kulturlova**⁴⁵, **folkehelselova**⁴⁶ og **barnevernlova**⁴⁷ har frivillig sektor som del av lovområdet.

Gjennom **kulturmeldinga**, Meld. St. 8 (2018-2019), *Kulturens kraft*⁴⁸, har regjeringa definert dei overordna kulturpolitiske måla, mellom anna at kulturlivet skal fremje danning og kritisk refleksjon, tilby møteplassar og bygge fellesskap.

Gjennom **frivillighetsmeldinga**, Meld. St. 10 (2018-2019), *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig*⁴⁹ sette regjeringa fire frivillighetspolitiske mål: 1. Brei deltaking, 2. Ein sterk og uavhengig sektor, 3. Forenklingsreform, 4. Ein samordna frivillighetspolitikk.

I **idrettsmeldinga**, Meld. St. 26 (2011-2012) *Den norske idrettsmodellen*⁵⁰ er det overordna målet og visjonen «idrett og fysisk aktivitet for alle». Regjeringa vil legge fram ny idrettsmelding våren 2021.

I **friluftslivsmeldinga**, Meld. St. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet*⁵¹, vil regjeringa ta vare på friluftsliv som ein levande og sentral del av norsk kulturarv og nasjonal identitet, og som kjelde til høgare livskvalitet og betre helse for alle.

Kulturmiljømeldinga, Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*⁵² tek til orde for at kompetansen som finst i det frivillige, i større grad må inkludrast i kulturmiljøforvaltinga sitt arbeid.

I **folkehelsemeldinga**, Meld. St. 19 (2018-2019) *Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn*⁵³, legg regjeringa vekt på at folkehelsearbeid er tverrfagleg og at frivillig sektor, organisasjonar, næringslivet og offentlege myndigheiter må samarbeide om innsatsen.

I Meld. St. 15 (2017-2018) **Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre**⁵⁴, slår regjeringa fast at frivillig sektor er ein viktig arena for å fremje integritet, sosial tilhøyrse og deltaking.

I **barne- og ungdomskulturmeldinga**, Meld. St. 18 (2020-2021) *Opplive, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge*⁵⁵ slår regjeringa m.a. fast at det frivillige kulturlivet er avgjerande for at det finst lokale kulturtilbod, spesielt i dei mindre kommunane.

I 2015 la Kulturdepartementet fram **frivilligerklæringa**, i dialog med KS og Frivillighet Norge⁵⁶. Frivilligerklæringa skal styrke samspelet mellom det offentlege og frivillig sektor og slår fast at frivillig sektor er eit eige politikkområde som må bli sikra medverknad.

Helsedirektoratet har løyvd ca. 54 millionar kr til **Program for folkehelsearbeid 2017-2027**⁵⁷ i Vestland. Dette er ei satsing for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet i kommunane. Frivillige organisasjonar og frivillig aktivitet har ei sentral rolle i dette arbeidet.

⁴⁵ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-29-89>

⁴⁶ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>

⁴⁷ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

⁴⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/>

⁴⁹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20182019/id2621384/?ch=1>

⁵⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-26-20112012/id684356/>

⁵¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/>

⁵² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20192020/id2697781/>

⁵³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/>

⁵⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>

⁵⁵ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

⁵⁶ <https://www.regjeringen.no/contentassets/99f8110d39674f3494ec9668be846c09/frivillighetserklaeringen-hefte.pdf>

⁵⁷ <https://www.helsedirektoratet.no/tema/folkehelsearbeid-i-kommunen/program-for-folkehelsearbeid-i-kommunene>

5.3 Frivilligheita i Norge: Ressursar og forskning

Den frivillige innsatsen i Norge er stigande og representerer store verdiar. Det er skapt solide strukturar rundt frivillig sektor i form av økonomiske ressursar, paraplyorganisasjonar og miljø som forskar på sektoren. Samtidig er frivilligheita i stadig endring og utvikling.

5.3.1 Nasjonale paraplyar for frivillighet

Frivillighet Norge er frivillig sektor sitt interessepolitiske samarbeidsforum med over 300 medlemsorganisasjonar med til saman over 50 000 lokallag i heile Norge.⁵⁸ Rekrutteringsplattformane frivillig.no og ungfritid.no, «Knekk inkluderingskoden», Frivillighetens år 2022 og arbeidet med lokal frivilligheitspolitikk er viktige satsingar i Frivillighet Norge. Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge signerte hausten 2020 ein intensjonsavtale om samarbeid.⁵⁹

I tillegg til Frivillighet Norge finst det fleire nasjonale paraplyorganisasjonar innan frivillig sektor. Nokre av dei største er Norges idrettsforbund, Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Unge funksjonshemmede, Norsk friluftsliv, Norges kulturvernforbund og Norsk Musikkråd. Alle desse er medlemmer i Frivillighet Norge.

5.3.2 Nasjonale tal og undersøkingar

Kvart år sidan 2014 har Frivillighet Norge og Kantar gjennomført den årlege befolkningsundersøkinga **Frivillighetsbarometeret**. Undersøkinga frå 2020⁶⁰ viser mellom anna at

- 66 % har gjort frivillig arbeid det siste året, ein auke frå året før
- 9 % gjer meir enn ti timar frivillig arbeid kvar månad
- eldre gjer meir frivillig arbeid enn yngre grupper, og menn meir enn kvinner
- dei med høgare utdanning og fagutdanning er betre representerte enn dei med låg utdanning

- andelen som gjer frivillig arbeid er lågast blant dei med lågare inntekt
- 74 % svarar at dei har vore medlem i ein frivillig organisasjon, ein liten auke frå 2019
- det er høgast tal medlemsskap og deltaking i organisasjonar innan idrett, lokalmiljø og kultur

I Frivillighetsbarometeret 2019⁶¹ svarte 52 % av dei som ikkje er frivillige at dei kan tenke seg å gjere frivillig arbeid for ein aktivitet eller ei sak dei er opptatt av.

Rapporten **Ung Frivillighet 2018**⁶² frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser at det har vore god vekst i den unge frivilligheita, om ein ser på talet teljande medlemmer i organisasjonane tilknytt LNU. I 2004 var det omlag 300 000 teljande medlemmer, i 2018 var talet over 400 000.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt **satelittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar**⁶³ viser at den frivillige innsatsen i Norge er stigande. Denne viser at det vart utført uløna frivillig innsats tilsvarende 142 000 årsverk i 2018. Verdien av dette var rekna til å vere nesten 78 milliardar kr. Dei viktigaste inntektskjeldene til ideelle og frivillige organisasjonar i 2018 var, i følgje satelittrekneskapen, hushaldningar med nær halvparten av midlane, etterfølgd av staten med om lag ein fjerdedel, kommunar og fylkeskommunar med om lag 17 % og andre finansieringskjelder på ca. 12 %.

I **Levekårsundersøkinga**⁶⁴ blir befolkninga si deltaking på ulike samfunnsarenaer kartlagt. Tala viser at berre 22 % av personar som er 16 år og eldre ikkje er medlem i ein organisasjon, medan 48 % er medlem i to eller fleire.

38 % har utført frivillig arbeid for ein organisasjon siste år. I snitt arbeider dei frivillige om lag 79 timar pr. år. Eldre over 67 år er dei som utfører mest frivillig arbeid, med i snitt 119 timar per år.

⁵⁸ <https://www.frivillighetnorge.no/>

⁵⁹ <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/121536?SourceDatabase=>

⁶⁰ <https://s3.eu-west-1.amazonaws.com/frivillighet-norge/Frivillighetsbarometeret-2020-til-nett.pdf?mtime=20201204102701&focal=none>

⁶¹ <https://s3.eu-west-1.amazonaws.com/frivillighet-norge/pdf/Frivillighetsbarometeret2019-04.09.19.pdf?mtime=20191217083449>

⁶² <https://www.lnu.no/wp-content/uploads/2018/10/lnu-r16-ung-frivillighet-2018.pdf>

⁶³ <https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/statistikker/orgsat>

⁶⁴ <https://www.ssb.no/orgakt>

Organisasjonsmedlemsskap og deltaking for personar 16 år og over. 2020 (i prosent)	
Er ikkje medlem i nokon organisasjonar	22
Er ikkje aktivt medlem i nokon organisasjonar	53
Er medlem i to eller fleire organisasjonar	48
Er aktivt medlem i to eller fleire organisasjonar	17

5.3.3 Forsking på frivilligheit

Nordisk ministerråd sin rapport *Frivilligarbete i Norden – sammanhållning i en ny tid*⁶⁵ frå 2020 viser at dei nordiske landa ligg på topp i Europa når det gjeld deltaking i frivillig arbeid. Den nordiske modellen for frivillig arbeid skil seg frå mange andre land, der frivilligheita ofte er altruistisk – med hjelp til grupper som treng det som eit viktig mål. I Norden handlar frivilligarbeid ofte om fritidsaktivitetar. Nordisk ministerråd meiner *tillit* er eit nøkkelord, og at denne er «eksepsjonelt høg» i Norden. Tillit handlar om stor tiltru til myndighetene og stort innslag av engasjement gjennom medlemsskap i ulike foreiningar og organisasjonar. Frivilligheita har gjerne nær relasjon til den politiske sfæren. Ein ser også endringar i form av profesjonalisering av organisasjonane og auka tilvekst av grasrotinitiativ, spesielt innan klima- og miljø saker. Rapporten viser ein tendens til at forholdet mellom frivilligarbeid og organisasjonsliv blir svakare – og at fleire engasjerer seg frivillig utan å vere medlem i ein organisasjon.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor⁶⁶ er eit samarbeidsprosjekt mellom NORCE Uni Research Rokkansenteret i Bergen og Institutt for samfunnsforskning i Oslo. I 2020 kom

senteret med rapporten *Organisasjonslandskap i endring 2009-2019*⁶⁷. Rapporten viser at frivillig sektor styrkar seg på mange område, ved å fylle nye behov i befolkninga. Det blir fleire lokale og nasjonale organisasjonar, og det er vekst i tal medlemmer. Justert for befolkningsveksten har gjennomsnittleg tal på medlemskap lagt stabilt på rundt 1,9 per innbyggjar frå 2009 til 2019.

Både lokalt og nasjonalt oppfattar organisasjonane i stor grad økonomien som tilfredsstillande eller god, og det blir fleire løna tilsette i organisasjonane. Vidare viser rapporten at frivillig sektor i mindre grad er ideologisk basert og meir orientert mot fysiske og kulturelle utfaldingsmoglegheiter, eigenorganisering og sosial deltaking. Frivilligheita har også fått auka kontakt med myndighetene.

Av negative utviklingstrekk peikar rapporten på underrepresentasjon av kvinner og innvandrarak i styre og leiinga av organisasjonar. Vidare er ulik deltaking knytt til sosiale forskjellar nemnt som ei utfordring. Det er også ei forskyving, der yngre deltar i mindre grad som medlemmer enn eldre. Ein aukande del av aktiviteten blant yngre aldersgrupper blir gjennomført som frivillig innsats utan medlemstilknytning.

⁶⁵ <https://pub.norden.org/nord2020-028/#>

⁶⁶ <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/>

⁶⁷ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2639499/Organisasjonssamfunn%20i%20endring.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Gjennom rapporten *Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter*⁶⁸ frå 2020 peikar senteret på at det er betydeleg sosial ulikskap i ungdom si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Fleire born veks opp i hushaldningar med vedvarande låginntekt, og barn med innvandrarsbakgrunn er i fleirtal i denne gruppa. Det er spesielt jenter med ikkje-vestleg bakgrunn som er underrepresentert som deltakarar i organiserte fritidsaktivitetar.


Rapporten viser at ungdom frå heimar med høgast sosioøkonomisk status har nesten dobbelt så høgt sannsyn for å delta i organiserte aktivitetar enn ungdom frå heimar med lågast sosioøkonomisk status. Dette slår klarast ut i idrett, der dei sosiale forskjellane ser ut til å auke, men også deltakinga i kulturorganisasjonar heng tydeleg saman med sosioøkonomiske forhold. For aktivitetar innan fritidsklubbar og religiøse foreiningar er det imidlertid ikkje sosiale forskjellar å spore. Nedanfor er figur frå undersøkinga, som viser deltaking og sosioøkonomisk status (SØS):

I senteret sin rapport *Sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrere i Norge*⁶⁹ frå 2020 kjem det fram at 17 % av innvandrarar deltar i frivilligheita. Dette

er markant lågare enn andelen norskfødde som er frivillige (39 %). Rapporten peikar på at det er samanheng mellom frivillig arbeid og tillit blant innvandrarar, og at yngre er meir aktive enn eldre. Den viser også ein samanheng mellom frivillig arbeid og politisk engasjement gjennom deltaking i lokalval.

I 2020 gav senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor ut rapporten *Finansiering av frivillighet*⁷⁰ som ser på økonomien i frivillig sektor og korleis kommunal frivilligheitspolitikk og statleg politikk påverkar rammevilkåra til lokale frivillige organisasjonar. Rapporten viser mellom anna at inntektskjeldene i frivillig sektor delvis har endra seg dei siste åra, der andelen eigengenererte inntekter (kontingentar, deltakaravgifter, arrangement etc.) har gått noko ned, medan andelen private bidrag i form av gåver, sponing, utlodding m.m., samt offentleg støtte har gått opp. Momskompensasjon, spelemidlar og Grasrotandelen har etablert seg som viktige inntektskjelder.

Senteret har også forska på kommunal frivilligheitspolitikk⁷¹. Rapporten viser at kommunar med vedtatt frivilligheitspolitikk samarbeider betre med frivillige organisasjonar, spesielt om



Kilde: Ungdataundersøkelsene

⁶⁸ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2728534>

⁶⁹ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2636124/Sivilsamfunnsdeltaking%20blant%20innvandrere%20i%20Norge.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

⁷⁰ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2639506/Finansiering%20av%20frivillighet.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

⁷¹ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2638301/Kommunal%20frivillighetspolitikk.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

integrering. Rapporten *Lokalt beredskapsarbeid*⁷² som senteret gav ut i 2020 viser at samarbeidet mellom frivillige og politiet fungerer godt, men at samarbeidet er meir variabelt mellom frivillige og kommunane.

I 2014 - 2017 var senteret involvert i forskingsprosjektet *Frivillig innsats og motivasjon i Norge og Skandinavia*.⁷³ Prosjektet viste mellom anna at sterke velferdsstatar bidrar til å auke frivillig engasjement. Dette står i kontrast til mellom anna amerikansk forskning som slår fast at ein omfattande offentleg sektor har negativ effekt på frivillig engasjement. Forklaringa på funna i Skandinavia kan henge saman med politiske mål om at det skal vere lett å stifte foreiningar. Samtidig støttar det offentlege frivilligheita økonomisk. Vidare er det tverrpolitisk semje om å omfordele gjennom velferdsstaten. Dermed har dei fleste innbyggjarane ressursar til å engasjere seg i frivillige organisasjonar. Forskingsprosjektet viste at nyare former for digital frivilligheit og lausare medlemskapstilknytning, ikkje ser ut til å gå ut over det frivillige engasjementet i organisasjonane. Dei ulike formene for frivillig engasjement supplerer kvarandre.

I rapporten **Seniorers engasjement i og for frivillige organisasjonar**⁷⁴ blir det vist til ein rapport frå EU i 2011, der eldre stort sett blir skildra som mottakarar av frivillig arbeid. Dette blir tilbakevist i rapporten. Inkludering i frivillig arbeid gir generelt betre helse hjå eldre, og gir frivilligheita erfaring og innsats. **Frivillighetsbarometeret 2019** viser at grupperinga 60 + blir skildra som stabile, til å stole på, har høg tillit og har ferdigheiter som kan brukast i alle typar frivilligarbeid. Ei undersøking i regi av Frivillighet Norge viser at eldre er den aldersgruppa med mest frivillige, heile 71 % i aldersgruppa 67-79 år.⁷⁵

I boka **Frivillighet. Nye former for frivillig arbeid i norske kommuner**⁷⁶ frå 2020 skriv Lorentzen & Midtsundstad mfl. at den frivillige innsatsen er aukande frå enkeltpersonar som ikkje er medlem

av eller representerer ein organisasjon. I boka ser ein på korleis frivillig og kommunal sektor i lag kan utløyse ressursar. Samskaping, sosial innovasjon, sosialt entreprenørskap og empowerment er nemnt som ulike nye måtar å samarbeide på. Både offentleg tilsette, frivillige, ulike innbyggjar-grupper, enkeltindivid og næringslivet er sentrale innan desse samarbeidsformene.

I boka har Lars U. Kbro interessante analysar som gjeld endringar og nye trendar innan frivilligheita.⁷⁷ *Samskaping* som modell for lokalsamfunnsutvikling og fornying får i desse dagar stor merksemd innanfor forskning og politikktutforming. Samskaping er prosessar der velferd blir planlagt og produsert på tvers av fag og kompetanse, med likeverdige aktørar frå ulike sektorar involvert. Frivillige er ein slik aktør, og dette opnar for nye former for frivilligheit.

Lars U. Kbro meiner at frivilligheita i framtida kan få ei utvida rolle som *sosiale entreprenørar* ved å levere tenester i velferdssamfunnet. Kbro meiner dette bryt med klassisk frivilligheit, men likevel er fullt av idealisme, vågemot og pionerånd, og dermed kanskje tar form som frivilligheit i ei ny rolle.

5.3.4 Frivillig sektor og koronapandemien

I ei tid der vi framleis er prega av **koronapandemien** vil vi avslutningsvis vise til nokre undersøkingar som gjeld effektane for frivillig sektor. Allereie i mai 2020 la Frivillighet Norge fram ei undersøking⁷⁸ som viste at frivilligheita var bekymra for økonomien. I november 2020 arrangerte Frivillighet Norge, Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet ein digital konferanse om unge si psykiske helse under pandemien.⁷⁹ Petter Bae Brandtzæg, ved Universitetet i Oslo, delte då frå si forskning om ungdom og nedstenginga av samfunnet. 86 prosent av ungdomane som deltok

⁷² <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2638300/Lokalt%2Bberedskapssamarbeid.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

⁷³ <https://www.samfunnsforskning.no/prosjekter/frivillig-innsats-og-motivasjon-i-norge-og-skandinavia.html>

⁷⁴ https://s3.eu-west-1.amazonaws.com/frivillighet-norge/pdf/Rapportseniorersengasjement_LR_V5.pdf?mtime=20191217083428

⁷⁵ <https://www.viover60.no/artikler/mennesker/frivillig-gjor-lykkeligere/>

⁷⁶ Lorentzen & Midtsundstad 2020. Frivillighet. Nye former for frivillig arbeid i norske kommuner

⁷⁷ *ibid*, s. 135-154

⁷⁸ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/frivilligheten-bekymret-for-fremtiden/>

⁷⁹ <https://www.frivillighetnorge.no/nyheter/hvordan-p%C3%A5virker-korona-ungdoms-psykiske-helse/>

i undersøkinga svarte at dei var fornøgd med livet før koronakrisa, medan berre 49 prosent var det etter koronatiltaka.

Norges idrettsforbund gjorde i mai 2020 ei kartlegging⁸⁰ som estimerte milliardtap for idretten som følgje av korona-situasjonen. Fire av ti idrettslag svarte at dei vurderer varig reduksjon av aktivitetstilbodet. Norsk musikkråd og Kulturalliansen gjorde i oktober 2020 ei kartlegging⁸¹ blant lokale lag som viste forsiktig optimisme, men likevel uro for konsekvensane av koronakrisa.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor la hausten 2020 fram ei undersøking⁸² som viser at meir enn ein av fire nordmenn har gjort frivillig innsats under koronakrisa. Mange har også bidratt med pengar under krisa. Senteret la fram rapporten *Frivillighet under koronakrisen*⁸³ våren

2021. Denne viser m.a. at 26 % av dei lokale organisasjonane ikkje hadde drift på undersøkings-tidspunktet, medan 51 % hadde redusert drift og berre 20 % ordinær drift. Vidare svarte 18 % av dei lokale organisasjonane at dei kunne gjennomføre aktivitetar som normalt under bestemte smittevernreglar, 56 % at dei vil kunne gjennomføre redusert aktivitet, medan 25 % svarte at dette ikkje er mogleg.

Ei undersøkinga blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland frå desember 2020⁸⁴ viser at så nær som alle organisasjonar har opplevd korona-pandemien som utfordrande eller svært utfordrande både i dei lokale medlemslaga og i fylkeslaget/regionlaget. Lyspunktet er likevel at over halvparten svarar at dei trur det blir enkelt å gå tilbake til ein normalsituasjon etter at korona-pandemien er over.

⁸⁰ <https://www.idrettsforbundet.no/tema/koronavirus/artikler/norsk-idrett-har-et-estimert-nettotap-pa-15-milliarder-kroner-grunnet-koronakrisen/>

⁸¹ <https://www.musikk.no/nmr/nyheter/med-hap-om-bedring>

⁸² <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/aktuelt/nyheter/stort-frivillig-bidrag-under-koronakrisen.html>

⁸³ <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/aktuelt/nyheter/slik-har-koronakrisen-pavirket-frivilligheten.html>

⁸⁴ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst-og-kulturutvikling/rapport-sporjeundersoking-frivillig-sektor-i-vestland-2020.pdf>

6 MEDVERKNAD OG PROSESS

Mange har kome med bidrag til kunnskapsgrunnlaget. Vi har gjennomført ei spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland og vi har fått mange gode innspel frå referansegruppa for frivillig sektor. Vi har hatt møte med og fått innspel frå Vestland ungdomsutval, fylkeslederådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Vi har hatt god dialog med og fått hjelp frå det nasjonale samarbeidsforumet Frivillighet Norge. I tillegg har vi brukt forskning, data og tal om frivillig sektor, og nytta oss av fagekspertisen i Vestland fylkeskommune. Stor takk til alle!

Ei tverrfagleg gruppe med representantar frå ulike avdelingar og seksjonar har jobba med innhaldet i kunnskapsgrunnlaget. Dei som har deltatt i gruppa er:

Anja Angelskår Mjelde, seniorrådgjevar,
bibliotekutvikling

Anne Mette Nesje Porten, seniorrådgjevar,
plan, klima og folkehelse

Ann Kristin Kjerland, seniorrådgjevar, kulturarv

Elin Molven, seniorrådgjevar, kunst- og kultur-
utvikling

Frank Tore Farsund Tveit, rådgjevar, idrett og
friluftsliv

Shahnaz Amin Haaq, seniorrådgjevar,
inkludering, strategi og analyse

Sigrun Espe, seniorrådgjevar, arkiv

Simen Lagesen Krogstie, rådgjevar,
kulturformidling

Åge Avedal, seniorrådgjevar, kunst- og kultur-
utvikling (leiar)

I referansegruppa for frivillig sektor i Vestland har det vore med deltakarar frå følgjande organisasjonar:

Sogn og Fjordane Røde Kors,
Hordaland husflidslag,
Norges Musikkorps Forbund Hordaland,
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Vestland,
Vestland idrettskrets,
Sogn og Fjordane symfoniorkester,
Nasjonalforeningen for folkehelsen,
Hordaland krins av Norges speidarforbund,
KFUK KFUM Sogn og Fjordane,
Vaksenopplæringsforbundet Vestland,
Hordaland Mållag,
Ung i kor Vest,
Amatørkulturrådet Askøy,
AKKS Bergen,
Vestland musikkråd,
Sogn og Fjordane husflidslag,
KFUK KFUM Bjørgvin,
Vestland innvandrerråd,
Stiftelsen Kirkens Bymisjon i Bergen,
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane,
Sogn og Fjordane ungdomslag,
Bergen og Hordaland Turlag,
Batteriet Vest-Norge og
Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og
Fjordane.

7 KJELDER / REFERANSAR

Lorentzen, G., & Midtsundstad, A. (2020). *Frivillighet: Nye former for frivillig arbeid i norske kommuner* (1. utg.). Fagbokforlaget, Bergen.

I notar gjennom teksten er det elles vist til rapportar, statistikkar m.m. som er tilgjengelege som nettressursar.

8 VEDLEGG

Fylkeskommunale midlar til frivilligheita, og ordningar delegert frå stat til fylkeskommune:

Informasjon om tilskotsordningane:
www.vestlandfylke.no/tilskot

NÆRING- OG SAMFUNNS-UTVIKLING

LivOGLyst for lokalsamfunnsutvikling

- **Formålet:** Formålet med LivOGLyst-programmet er å styrke lokalsamfunna i brei forstad, med auka bulyst, grunnlag for næringsutvikling og arbeidsplassar og med gode nærmiljø som fremjar folkehelsa.
- **Kven kan søkja:** Lag og foreiningar.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** Tilskota vert gjevne over 4 treårige prosjekt (kr 300 000 kvart prosjekt) og 6 eittårige prosjekt (kr 50 000 kvart prosjekt). Samla utgjer dette 1 500 000 kroner.

IDRETT OG FRILUFTSLIV

Statlege ordningar administrert av fylket:

Spelemidlar (Kulturdepartementet)

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

- **Formålet:** Tilskot til etablering og rehabilitering til anlegg nytta til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- **Kven kan søkja:** Kommunar, fylkeskommunar, idrettslag og andre godkjende lag og organisasjonar.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** Ca. 192 mill. kroner.

Tilskot til statleg sikring av friluftsområde (Miljødirektoratet)

Tilskot til statleg sikring av friluftsområde

- **Formålet:** Det viktigaste føremålet med ordninga er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærrområde er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.
- **Kven kan søkja:** Kommunar og interkommunale friluftsråd. Lokale lag og organisasjonar kan ta initiativ ovanfor kommunar og friluftsråd om å fremje sikringssøknad.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 4 079 490 kroner.

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde (Miljødirektoratet):

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde

- **Formålet:** Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv.
- **Kven kan søkja:** Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje. Ein frivillig organisasjon kan ta hand om den daglege drifta.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 5 400 000 kroner.

Tilskot til friluftslivsaktivitet (Miljødirektoratet):

Tilskot til friluftslivsføremål

- **Formålet:** Tilskotsordninga skal medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i Enhetsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

- **Kven kan søkja:** Frivillige lag og organisasjonar som er registrert i Enhetsregisteret og interkommunale friluftsråd
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 3 100 000 kroner.

Fylkeskommunale ordningar:

Investeringstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap

- **Formålet:** Investeringstilskotet til Vestland fylkeskommune skal medverke til at regionen får fleire store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap
- **Kven kan søkja:** Kommunar og andre anleggseigarar
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 2 000 000 kroner.

Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap 2021

- **Formålet:** Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.
- **Kven kan søkja:** Organisasjonsledd knytt til Norges idrettsforbund, Norges Bilsportsforbund og Det Frivillige Skyttervesen. Andre organisasjonar blir vurdert særskilt. Idrettslag med adresse i Vestland.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 450 000 kroner.

Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom

- **Formålet:** Tilskot til prosjekt som gjer det enklare for barn og ungdom å vere aktive i lokalmiljøa der dei bur og veks opp. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioriterte. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket.
- **Kven kan søkja:** Regionale ledd av frivillige

organisasjonar innan idrett og friluftsliv kan søkje om tilskot til aktivitet i sine lokallag og klubbar. Om organisasjonen har fleire søknadar skal dei prioritere desse. Andre aktørar kan vurderast særskilt.

- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 2 000 000 kroner.

Utviklingsstipend til idrettsutøvarar

- **Formålet:** Stipenda går til utøvarar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan sin idrett. Ein person kan berre motta stipendet ein gong. Målet med stipendet er å gje mottakarane høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle idretten. Stipendet skal også vere ein stimulans til vidare satsing.
- **Kven kan søkja:** Utøvar, trenar eller særkrets kan sende inn søknaden på elektronisk søknadsskjema. Søkjaren må representere ein klubb i Vestland fylke.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 280 000 kroner (7 stipend a 40 000 kr).

INKLUDERING OG INTEGRERING

Tilskot til inkludering og mangfald

- **Formålet:** Målet med tilskotsordninga er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskap, og stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar.
- **Kven kan søkje:** Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging, institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 1 000 000 kroner.

KLIMA OG NATUR

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak

- **Formålet:** Tilskotsordninga skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling av fylket.
- **Kven kan søkje:** Frivillige lag, organisasjonar, grendelag, velforeiningar.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 500 000 kroner.

Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

- **Formålet:** Å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket. Tilskotet kan gå til driftsstønad.
- **Kven kan søkje:** Miljøorganisasjonar eller andre organisasjonar som jobbar med klima og miljø
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 500 000 kroner.

Tilskot til vilttiltak

- **Formålet:** Fylkeskommunen er eit viltorgan etter viltlova og skal gje råd og rettleiing til kommunar og regionale organisasjonar.
- **Kven kan søkje:** Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 1 000 000 kroner.

KULTUR

Statlege ordningar administrert av fylket:

Tilskot til kulturbygg

- **Formålet:** Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og

modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

- **Kven kan søkje:** Frivillige lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommune kan søkje på ordninga. Andre lag, organisasjonar og selskap kan også søkje, avhengig av vedtektene til laget.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** Ca. 6,3 mill. kroner.

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

- **Formålet:** Dette er ei tilskotsordning for privatpersonar som eig eller forvaltar ulike typar kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå etter 1537.
- **Kven kan søkje:** Private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er frå etter 1537, og som er freda, automatisk freda, mellombels freda, eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminne som ikkje er freda kan få tilskot i særlege tilfelle.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2021:** Ca. 21,7 mill. kroner.

Tilskot til sikring, istandsetjing og vedlikehald av freda og verna fartøy

- **Formålet:** Tilskotsordninga er eit bidrag frå det offentlege for å støtte arbeidet med fartøyvern. Slik bidreg fylkeskommunen til at verna og freda fartøy kan setjast i stand og haldast ved like etter antikvariske retningslinjer.
- **Kven kan søkje:** Eigarar av verna og freda fartøy.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2021:** Ca. 14 mill. kroner.

Fylkeskommunale ordningar:

Driftstilskot til kunst, kultur og idrett

- **Formålet:** Tilskot til drift er fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet og såleis fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv i fylket. Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og

tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

- **Kven kan søkja:** Aktørar innan kunst-, kultur-, friluft- og idrettsfeltet med hovudaktivitet i Vestland fylkeskommune. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), med eit tydeleg føremål innan kunst, kultur og idrett og ha sterk regional eller nasjonal verdi, det vil seie verdi for heile eller større deler av Vestland fylke.
- **Den totale potten/tildelte midlar:** Blir avgjort gjennom årleg budsjettvedtak i fylkestinget.

Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne i Vestland

- **Formålet:** Tilskot til drift av kulturminne skal stø opp om det store arbeidet frivillige lag og organisasjonar i heile Vestland tek på seg for å ta vare på den felles kulturarven vår. Tilskotsordninga er retta mot frivillige kulturvernorganisasjonar, som forvaltar faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland.
- **Kven kan søkja:** Frivillige organisasjonar i Vestland fylke med ei demokratisk oppbygging. Stiftingar og ideelle aksjeselskap med ansvar for vedlikehald og/eller formidling av faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland. I særskilde tilfelle kan private eigarar søkje om driftstilskot, etter ei fagleg tilråding frå Vestland fylkeskommune.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 1 millionar kroner.

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy

- **Formålet:** Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar tar på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for forvaltning og drift er eit bidrag frå det offentlege for å støtte dette arbeidet.
- **Kven kan søkja:** Målgruppa for ordninga er dei som eig og forvaltar større, flytande kulturminne i Vestland. Kommunar, foreiningar, stiftingar, andre samanslutningar og private kan søkje. Aksjeselskap som får driftsstønad må vere ideelle, det vil seie at eigarane ikkje kan ta utbytte frå selskapet.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 2 millionar kroner.

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

- **Formålet:** Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekker behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg. Kulturarenaen skal vere planlagt ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.
- **Kven kan søkja:** Kommunar, fylkeskommune, selskap, stiftingar, organisasjonar og andre samanslutningar kan søkje ordninga.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 0 kr

Tilskot til regionale ungdomsparti

- **Formålet:** Tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar skal styrke dei politiske ungdomsorganisasjonane i Vestland og slik bidra til auka politisk deltaking blant unge i fylket.
- Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Slik vil fylkeskommunen fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati.
- **Kven kan søkja:** Søkjar skal ha organisasjonsnummer og vere registrert i Brønnøysundregisteret. Moderpartiet skal vere representert i Vestland fylkesting.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 400 000 kroner.

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

- **Formålet:** Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal leggje til rette for at barn og ungdom kan delta og engasjere seg i organisasjons- og samfunns livet. Søknadsfristen i 2020 er 1. juni.
- **Kven kan søkja:** Støtteordninga er for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke. At organisasjonen må ha regionalt virke inneber at han kan vise til lokal aktivitet

gjennom å ha lokallag i minst tre kommunar i Vestland. Kommunane har ansvar for å støtte lokal aktivitet, fylkeskommunen skal støtte aktivitet som er fylkesfemnande eller innanfor eit større geografisk område.

Organisasjonen må ha minst 100 teljande medlemmer i Vestland fylke, dvs. at minst 100 medlemmer under 26 år må ha betalt kontingenten for det føregåande året. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer for å kunne søkje.

Regionale barne- og ungdomsorganisasjonar som får støtte til drifta gjennom andre fylkeskommunale eller statlege tilskotsordningar, vil ikkje få støtte gjennom denne ordninga.

- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** Kroner 1 752 000.

Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv

- **Formålet:** Tilskotsordninga for prosjekt og tiltak i det frivillige kulturlivet skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv og stimulere til nettverk og samarbeid.

Vestland fylkeskommune har spesiell merksemd på barn og ungdom, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

- **Kven kan søkje:** Ordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillige kulturfeltet/amatørkulturfeltet i Vestland fylke, og prosjektet eller tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål.

Organisasjonar, foreiningar og lag må ha organisasjonsnummer for å søkje. Privatpersonar kan eventuelt søkje tilskot på vegne av ei gruppe. Då må du gje opp fødselsnummer, og eit eventuelt tilskot er oppgåvepliktig til skattemyndighetene.

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune, kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 721 000 kroner.

Tilskot til vaksenopplæring

- **Formålet:** Ordninga skal stimulere til opplæringsverksemd gjennom dei regionale/fylkesvise studieforbunda, og i medlemsorganisasjonane som er tilslutta studieforbunda.
- **Kven kan søkje:** Studieforbunda sine regionale ledd i Vestland fylke kan søkje om støtte gjennom ordninga. Det regionale leddet må vere tilslutta eit godkjent studieforbund på nasjonalt nivå for å kunne søkje om støtte, jf. lov om vaksenopplæring (LOV-2009-06-19-95). Studieforbundet sitt regionale ledd må ha gjennomført minst 500 registrerte studietimar to år i førevegen for å kunne søkje om tilskot.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** Kroner 404 000.

Tilskot frå kulturelt utviklingsprogram (KUP)

- **Formålet:** Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. KUP er eit supplement til Vestland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet og til anna offentleg eller privat økonomisk medverknad.
- **Kven kan søkje:** Søkjar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og tiltaket må medverke til utvikling i Vestland. Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 7 200 000 kroner.

TRAFIKKTRYGGLEIK

Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar

- **Formålet:** Tilskot til aktivitetar som bidrar til å tryggje trafikk og trafikantar.

Målet med ordninga er å styrkje det førebyggjande og trafikantretta arbeidet med trafikktryggleik som skjer lokalt og regionalt i fylket.
- **Kven kan søkje:** Kommunar, skular og barnehagar (inkludert FAU), lag og foreiningar, organisasjonar, institusjonar og aksjonsgrupper.
- **Den totale potten/tildelte midlar i 2020:** 2 000 000 kroner.

